




# Mandat for Læringsmiljøutvalet ved Høgskulen på Vestlandet



*Mandatet er revidert og godkjent av prorektor  
for utdanning, sak 20/02286 20/ 08.05.23*

# Innhold

Formål .....	3
Rolle og funksjon.....	4
Samarbeid.....	5
Oppnemning av medlemmer og samansetting.....	5
LMU-sekretariat og Arbeidsutval .....	6
Møteplan.....	7

## Formål

Styret ved Høgskulen på Vestlandet (vidare kalla HVL) har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø, og dette er heimla i lov om universitet og høgskular (UH-lova) § 4-3, «Læringsmiljøet ved institusjonen». I lov om universitet og høgskular (UH-lova) § 4-3, punkt f, kjem det fram at ved universitet og høgskular så skal det vere eit LMU som skal bidra til at føresegnene i fyrste ledd blir gjennomført.

Læringsmiljøutvalet (vidare kalla LMU) rapporterer til styret gjennom årsrapporten til HVL. LMU er eit sentralt utval ved HVL, som har ei overordna og strategisk innretting. Utvalet skal delta i planlegginga av tiltak som omhandlar læringsmiljø, samt fylgje med på høve som påverkar studentane sin sikkerheit og velferd.

HVL forholder seg til § 4-3 punkt. 4 i UH-loven som beskriver de ulike områdene som inngår i det helhetlige læringsmiljøet;

- **Psykososialt læringsmiljø:** omhandlar mellommenneskelege forhold. Dette har noko å seie for kjensla av tilhørsle, trivsel og samhandling mellom studentar, og mellom student og tilsett.
- **Pedagogisk læringsmiljø:** omhandlar form, innhald og rammer for pedagogisk aktivitet som påverkar studentane si læring.
- **Fysisk læringsmiljø:** omhandlar utforming og bruk av bygg og fysiske omgjevnader som skal danne grunnlag for god læringsaktivitet og læringsmiljø for alle studentar.
- **Organisatorisk læringsmiljø:** omhandlar system for tilbakemelding og medverknad. Kvalitetssystem og Sei-ifrå systemet er døme på dette.
- **Digitalt læringsmiljø:** omhandlar bruk av teknologi i læring og undervisning. Dette kan vidare koplast mot digitale læringsressursar og informasjonsplattformar.

Læringsmiljøet omfattar alle tilhøve som påverkar studentanes helse, sikkerheit og velferd ved HVL og som institusjonen rår over. LMU har ansvar for at HVL har eit inkluderande læringsmiljø og har eit særleg ansvar for universell utforming og for å sikre eit best mogleg læringsmiljø for studentar med særskilte behov og funksjonsnedsettingar.

## Rolle og funksjon

LMU skal observere, føre tilsyn med og vere pådrivar for at læringsmiljøet for alle studentar ved HVL blir ivaretatt på best mogleg måte gjennom følgjande handlingar:

- LMU skal bli informert om pågåande prosessar ved HVL, som innverkar på læringsmiljøet
- LMU er høyringsinstans for saker ved HVL som omhandlar læringsmiljøet
- LMU kan ta initiativ til innsamling av relevante data som omhandlar læringsmiljøet
- LMU kan ta initiativ til planar, utgreiingar og konferansar som bidreg til styrking av læringsmiljøet ved HVL
- LMU skal haldast orientert om klager som institusjonen mottek frå studentar om læringsmiljøet, gjennom mellom anna Sei-ifrå-systemet og varslingsaker jf; «Retningslinjer for handtering av konflikhtar, trakassering, seksuell trakassering og mobbing mellom studentar ved Høgskulen på Vestlandet».
- LMU kan uttale seg til styret om tilhøve som kjem fram om læringsmiljøet ved institusjonen
- LMU skal informerast ved eventuelle enkeltsaker og pålegg om læringsmiljø som institusjonen får frå Arbeidstilsynet
- LMU rapporterer til høgskulestyret gjennom HVL sin årsrapport.
- Fakultet, aktuelle avdelingar, Studenttinget, enkeltstudentar, enkelttilsette og Studentsamskipnaden på Vestlandet kan melde relevante saker til LMU

LMU ved HVL er eit sentralt utval, og med fem campus har utvalet ei overordna og strategisk innretting. Oppfølging av vedtak i LMU må følgast opp og konkretiserast med tiltak på fakulteta, i institutta og driftseininga alt etter kva sakene gjeld.

LMU skal sikre at læringsmiljøet vert utforma etter prinsipp om universell utforming, og legge til rette for eigna individuell tilrettelegging der dette er nødvendig

## Samarbeid

Det skal vere tett kontakt mellom LMU og andre utvalt/råd ved HVL. LMU og Utdanningsutvalet (vidare kalla UU) skal samarbeide for å sikre best mogleg heilskapleg læringsmiljø ved HVL. Kontakten mellom LMU og UU skal avklare spørsmål om ansvar og handtering ved overlappande saker i dei to utvala. Det skal gjennomførast felles møter mellom LMU og UU minimum ein gong per år.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ved HVL og LMU bør samarbeider om saker som kan omfatte studentars læringsmiljø.

Studentcampusråd og studentfakultetsråd skal vere høyringsorgan i saker som er relevant for læringsmiljøarbeidet ved HVL.

## Oppnemning av medlemmer og samansetting

Læringsmiljøutvalet blir oppnemnd for fire år om gongen, studentmedlemmer med varamedlemmer for eitt studieår om gongen, men kan re-oppnemnast. Det er rektor som oppnemnar utvalet. Det skal oppnemnast personlege varamedlemmer for tilsettmedlemmer, for studentmedlemmer oppnemnar Studenttinget like mange varamedlemmer som faste medlemmer. Sidan LMU er eit sentralt utval ved HVL, er medlemmane sin funksjon viktigare enn campustilhøyrse.

LMU skal ha like mange studentrepresentantar som tilsettrepresentantar. Utvalet skal leiast vekselvis eitt studieår om gongen av eit tilsettmedlem og av eit studentmedlem som det kjem fram av lov om universitet og høgskular (UH-lova) § 4-3 punkt f. LMU ved HVL skal leiast vekselvis av Læringsmiljøansvarleg frå Studenttinget og Prorektor for utdanning.

Studentsamskipnaden på Vestlandet (Saman), fagansvarleg eining for læringsmiljø og læringsstøtte, fagansvarleg for teamet universell utforming (ALU), hovudverneombodet, biblioteket og studentombodet ved HVL har fast observatørstatus i utvalet. Utvalet kan oppnemne andre faste observatørar til utvalet og kalle inn aktuelle observatørar til enkeltsaker i møta.

LMU har ti medlemmer; fem tilsettmedlemmer og fem studentmedlemmer:

- Prorektor for utdanning
- Fagtilsett innan undervisning, med pedagogisk kompetanse
- Tilsett med kompetanse innan området Tilrettelegging
- Leiar for avdeling for undervisning og læring
- Avdelingsleiar for Arealforvaltning, drift og utvikling
- Læringsmiljøansvarleg Studenttinget

Fire studentar

Tilsettmedlemmer skal ha personleg vara, studentmedlemmer skal ha utnemnd vara. Dei fire studentmedlemmane vert utnemnde av Studenttinget, med mål om å representere flest moglege campus.

LMU har vedtaksmynde i saker delegert frå styret. LMU er vedtaksføre når meir enn halvparten av medlemmane/varamedlemmane er tilstades. I saker med like stemmer så har leiaren dobbel stemme.

## LMU-sekretariat og Arbeidsutval

Avdeling for utdanningskvalitet er sekretariat for utvalet og førebur saker. Sekretæren skal i samråd med utvalsleiaren førebu og gi tilrådingar i saker som blir melde til utvalet, kalle inn til møte og sende sakspapir, skrive og sende ut protokoll etter møta.

LMU skal ha eit arbeidsutval (vidare kalla AU) som skal førebu saker og bidra til effektivitet i LMU-arbeidet. AU skal bestå av LMU-leiar, læringsmiljøansvarleg ved Studenttinget/prorektor for utdanning (avhengig av valt leiar, annan kvart år), LMU-sekretær fagansvarlig læringsmiljø/læringsstøtte/avdelingsleder AUK og tilsett frå driftseininga. Eit arbeidsutval arbeider for at det blir meldt inn fleire saker, at det kjem fleire innspel til sakene og at sakene blir grundigare belyste i LMU- utvalet.

AU skal ha fire eller fem møte i året knytt opp mot dei aktuelle LMU-møta, desse skal vere fire veker før det enkelte LMU-møtet. LMU-sekretæren administrerer og kallar inn til

## Møteplan

LMU skal ha fire eller fem møter pr. studieår, der minst eitt av møta skal vere eit fysisk møte. Det fysiske møtet skal veksle på HVL sine fem campus i tur og orden. Fellesmøte md UU er et digitalt møte